



## RETNINGSLINER FOR SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER

Vedtekne av Formannskapet i F-sak 48/17 den 28.03.2017

### Søknad om tomt

1. Søknad om erverv av kommunal bustadtomt skal skje med søknadsskjema.  
Oppdatert skjema er å finne på kommunen si nettside.
2. Søknad vert ikkje handsama før slikt søknadsskjema er innlevert.  
Tidspunkt for innlevering er også avgjerdande for prioritetsval dersom det er fleire søkerar til tomta.

### Reservasjon av tomt

3. Tomtesøkar kan reservere, som hovudregel, den kommunale bustadtomta utan økonomisk binding i to månader. Administrasjonen kan fråvike denne regelen dersom ein finn det formålstenleg.
4. Reservasjonsfristen vert rekna frå dato for kommunens stadfesting av reservasjonen.
5. Søker må innan reservasjonsfristen bekrefte skriftleg til kommunen at ein ynskjer å kjøpe tomta. Dersom slik skriftleg stadfesting ikkje er motteke innan fristen, vert saka avslutta og kommunen kan legge tomta ut for sal på ny.

### Sal av tomt

6. Dersom skriftleg stadfesting om kjøp av tomta føreligg innan fristen -jf. pkt. 5 ovanfor -vert Herøy kommunes standardkontrakt for ubygde bustadtomter oversendt kjøpar for signatur. Dersom kjøparen er eit føretak, vil seljar innhente takst for eigedommen før kjøpekontrakt vert oversendt.
7. Signert kjøpekontrakt må returnerast innan ein – 1 – månad saman med signert eigenfråsegn om konsesjonsfritak. Dersom signert kjøpekontrakt og eigenfråsegn ikkje er returnert innan fristen, vert saka avslutta og kommunen kan legge tomta ut for sal på ny.

8. Når signert kontrakt og eigenfråsegn er motteken av kommunen, vert det fatta tildelingsvedtak. Tildelingsvedtaket vert oversendt tomtekjøpar saman med faktura for kjøpesum og omkostningar.
9. Dersom Kjøpar ikkje betaler faktura innan forfall, vert overskøyting utsett og tomtekjøpar fakturert for forseinkingsrenter etter lov om forseinkingsrenter. Overskøyting vert ikkje iverksett før samtlege krav er innfridde.

\* \* \*